

Referat KFU møte 24.11.2020

Skype for Business

Tid: 19:00 – 20:00

Deltakarar

Ingeborg Espeland Grinde	Ørjan Klakegg	Jeaneth Aileen Frantzen Rosnes
Ørjan Stubhaug	Olaug Anette Fauske	Espen Loe Haukedal
Robert Frøysland	Sølvi Catrin Berg Hestvik	Monica Eldevik
Øyvind Johan Korsøen	Steinar Kleppe	Jan Morten Dvergsdal
Gunvor Beate Bjordal, kjem asap	Mali Mathisen Nordvik	Elisabet Tefre
Jarle Øen	Trude Hansen Folkestad	Terje Sekse Horne
Arne Eikeland	Line Senneseth	Roy Henning Veiesund
Pål Hegland	Marit Solveig Nedrebø	Hildegunn Hoff Hana
Ingunn Rørvik	Tone Støylen Holgersson	Linda Sølvsberg Storøy
Trine Renate Vallestad	Reidun Heggheim Bakke	Åge Stafsnes
	Roger Eide	

Sak 1 – Informasjon frå Åge Stafsnes

No har Sunnfjord Kommune lagt fram sin konklusjon angående bruk av skulane.

Generell informasjon

- No er maskiner ut til alle på 5. til 7. trinn. No skal dei rulla ut. Dei får dei ikkje med seg heim i første omgang, men dei skal primært stå i ladeskap. Kan av og til ha med PC heim dersom behov. I løpet av eit par veker skal alle være på plass.
- CoViD-19: Framleis lite smitte i Sunnfjord. Vi er likevel råka, særleg mtp. arrangement. Øystein Furnes seier at det ikkje er høve for oss å ha arrangement med klassar og foreldre på ettermiddagar som overstiger 20 deltakarar. Klassane kan likevel være saman på ettermiddagane sjølv om dei overstiger 20. Difor. Mest mogleg juleavslutningar på dagtid.
- Arbeidsgrupper skal etablerast som skal jobbe med til våren som dei begynner å fokusere på no:
 - Kulturmidlar: Skulen får kvart år midlar til å drive kultur i skulen. Ulike tiltak. Jølster og Gaular har, til dømes, hatt ulike og gode opplegg. Dette er prosjekt som Sunnfjord Kommune ynskjer å vidareføre, og dei ynskjer oppblomstring av fleire prosjekt.
 - Felles dokument for førebygging av skulemiljø. Prosjekt på 2-3 år som heiter inkluderande skule- og barnehagemiljø. Dette må være felles for Sunnfjord Kommune. Arbeidsgruppe som skal jobbe med dette og skulane skal følgje opp. Likt for alle skulane.
 - Læremiddelgruppe: Fagfornyninga innebærer forskjellige utfordringar. Læremiddel og lærebøker er ein ting, men no skal det være ulike læremiddel. Veksling mellom digitale og analoge læremiddel. Ei lærebok i eig fag vil ikkje være slik det er framover, men ein kombinasjon av ulike (typar) læremiddel. Ein bør vurdere om det faktisk skal være ei lærebok.

Plan for framtidig bruk av skular

Skal opp til formannskapet på torsdag, og dei skal bestemme om planen skal leggest ut på høyring. Dette blir då annonser breidt og vidt.

Kommunen har lagt opp til ulike tiltak i ulike faser. Slik at dei skal kunne vurdere underveis og heile tida vurdere mtp. elevatal. Kommunen håpar og trur på eit stort engasjement.

Etter høyringa blir det ei runde med politiske behandlingar. Dette skal vedtakast i slutten av januar.

Det skal være møter på skulane som, i fase 1, skal leggest ned.

KFU (og andre) kan helst vente med å komme med innspel til høyringa til etter at saka har vore oppe i formannskapet (8. desember). Formannskapet KAN gjere endringar før saka sendast ut på høyring.

Formannskapsmøtet blir strøyma. Roger (Leiar i KFU) har som intensjon om at ein skal kunne ha ein open diskusjon om saken så lenge ein held seg til saka.

Politiske saker før jul

- Årsbudsjett. Budsjettet for alt som skal skje i 2021. Skulen sitt budsjett er på saman 350 MNOK, og dette er pengar som skal fordelast. Budsjettet og SFO-prisar skal opp i kommunestyret 10. desember.
- For SFO blir det ei prisjustering. Ingen skal betale meir enn 6% av bruttoløn til SFO. 1. og 2. trinn kan søke om støtte til dette. Neste år er også 3. og 4. klasse dekkja av ordninga. Dei med rett på SFO ut over 4. trinn skal ha dette gratis.

Spørsmål: *Kan vi ha julegrantenning over 20 personar?*

Nei, det gjelder også ute. Ein har ikkje lov til å samlast meir enn 20 personar verken ute eller inne.

Kommentar: *Viksdalen Skule vil få ein lang reiseveg (og reisetid) med rasfare. Der går det til stadighet ras, og geologar har uttalt at dei ikkje ville ha sine familiar forbi. Dette er ei uro som har vore i bygda. I beste fall 80 minutt reisetid, og for mange vil det være minimum 1 time kvar veg. Kommen vil vel ikkje sette opp eit meir komplekst transporttilbod? Korleis er tilstanden på Sande Skule? Det er ei viss slitasje. Blir det omfattande brattebruk? Dersom ein vil ha vekst og bulyst i alle delar av kommunen er det eit dårlig signal å legge ned flotte skular. Viksdalen føler at nedlegging er eit forhasta vedtak. Kan KFU samlast om eit skriv for å utsette vedtaket?*

Åge ønsker ikkje å kommentere mykje på dette då kommunen har sendt frå seg til formannskapet. Kommunen har fått fram utfordringar med både reisetid og risiko ved skulereise. Åge oppfordrar FAU og KFU å komme med innspel. Steinar Kleppe kommenterar at KFU kan stille seg bak dersom det er overordna utfordringar ved prosessen, men at saker og argument som er skulespesifikt skal KFU være forsiktig med å uttale seg om, men sterkt oppfordre FAUa å køyre på med. Marit Solveig er einig i dette. Roger Frøysland meiner at prosessen har vore god, og han meiner også det same som Steinar og Marit Solveig. Vi i KFU oppfordrar at alle som har anledning loggar seg på og tar del i møta.

Sak 2 – gode saker frå dei ulike FAU

Det er ei tung tid og mange jobbar hardt. Forhåpentligvis blir det ikkje så gale i Sunnfjord, men vi må forberede oss på ei lang tid med innstrammingar. Vi får fram positive saker som skjer i Sunnfjord Kommune:

Det blir filma ei juleavlutning som foreldra heime kan sjå på.

Elisabeth på Vassenden: Det har i mange år vore kjempa for ei trygg kryssing av E39. Ei ung jente har skrive til statsministeren, og vegvesnet har gjort nye målingar som viser at noko må gjerast. Her ser dei fram mot ei god løysing.

Ørjan frå Flatene: Strålande fornøgde med ny klatrepark og høgt og trygt gjerde mellom Hallbrend og Flatene. Rektor har vore fantastisk og gjort ein god jobb. Foreldre og FAU er strålande fornøgde.

Øyvind frå Førde Barneskule: Førde Barneskule skal henge opp eit stort, lysande hjerte.

Linda frå Viksdalen skule: Lesevake for elevane. Elevane las bøker og fekk utlevert pizza frå foreldra. 10 klasse ved Hallbrend skal ha klassevise julearrangement. Ekstra viktig å gjere ting i kohortane i år.

Robert frå Frøysland: I Forbindelse innsamlingsaksjonen har det vore eit arrangement med kafe. Snu dette rundt og utfordra ungane på kva dei kan gjere på heimebane for å samle inn litt pengar. Elevane lagde forslag til kva dei kunne gjere heime. Elevane lagde også kafe for elevar og lærarar.

Steinar frå Naustdal: Spelar inn at vi må jobbe med trafikkisikkerheit i denne tida vi går inn i no.

Hildegunn på Viksdalen: Prosjekt med å lage vindmøller til å produsere strøm.

Roger: Korleis bygger vi ein god kultur i sosiale medier, og korleis kan vi jobbe med å unngå mobbing. Dette har elevrådet blitt utfordra til å jobbe med å komme med eit program.

BliMe-dansen: Alf Vidar Snæland filma dei ulike kohortane når dei dansa og fekk ut på NRK Super.

Jeaneth på Slåtten: Klassevise Halloween-feiringar. Masse ulike arrangement. Refleksløp osv, og møter i kohortane. Elevrådet skal få komme med kommentarar angående sprenging i Vieåsen.

Sak 3 – Veggen vidare

Tirsdag 8. desember 19-20 blir siste møte før jul. Siste skuledag før jul er 22. desember. Steinar kommenterar at det ikkje er hensiktsmessig med møte før jul med mindre det skjer noko spesielt. Saken er ute på høyring fram til midten av januar.

Styret presenterar ein møteplan for 2021 i møtet 8. desember.

Nytt informasjonsmøte for dei berørte skulane? Kommunen går ut med dato så fort det er avklart med dei som må være med på møta.